2018

HEMSEDAL KOMMUNE

Månadsrapport

2/2018

Innhald

GENERELT OM MÅNEDSRAPPORTEN 1
LØNSOVERSYN 1
ØVRIGE REKNESKAPSPOSTAR 2
FRIE INNTEKTER 2
PERSONELL 2
INVESTERINGAR 2
Generelle kommentarar 2

GENERELT OM MÅNEDSRAPPORTEN

Rekneskapsåret er så vidt starta. Nokon trend er vanskeleg å sjå. I realiteten rapporterer ein berre på løn. Som for årsmelding blir det rapportert i hovudsak på avvik etter følgjande kategori:

	Avvik, men tiltak er sett i verk og vil kunne justerast
	Avvik, kommunestyre må ta stilling til korleis ein skal justere

Det som ikkje er nemnd er følgjeleg som det skal vere.

Det vil ikkje vere avvik i denne rapporten.

LØNSOVERSYN pr. mars-løn.

Rådmannen følgjer månadleg opp dei vesentlege lønspostane. I desse rapportane er budsjettet periodisert etter normalt forbruk. For skuler og barnehagar er dette ei utfordring ettersom dei normalt reknar med 7/12 år (vår) og 5/12 år (haust).

Lønsoversyna blir korrigert for refusjon for sjukeløn og svangerskap ettersom vikarbruk og ekstrahjelp som oftast heng saman med fråvær. Inntekter frå denne refusjonen vil normalt ha eit etterslep. Avvik vil i nokre tilfelle kunne forsvarast ut frå dette.

Generelt – vesentlege avvik:
Vakansar i stillingar gjer biletet samansett. Budsjett blir ofte vedteke med heilårsverknad, men dersom det ikkje blir tilsett i ei stilling før andre halvår i budsjettåret, så vil rekneskapen synes stort mindreforbruk dersom ein ikkje set inn vikar i stillinga. Det same gjeld refusjon for sjukdom og svangerskap.

Dei ymse avdelingane med avvik:

Rådmannen med stab:
Mindreforbruk i forhold til prognose – 527.000 kroner. Skuldast vakanse og refusjon for sjukdom og svangerskap

Skole:
Meirforbruk i forhold til prognose – 630.000 kroner. Noko skuldast stipend til lærarar som har ei inntektsside. Rådmannen følgjer situasjonen tett.

Omsorg:
Mindreforbruk i forhold til prognose – 435.000

Helse:
Meirforbruk i høve til prognose – 212.000 kroner. Rådmannen følgjer situasjonen tett.

Teknisk:
Mindreforbruk i forhold til prognose – 618.000. Skuldast i stor grad vakanse. Ein del av mindreforbruket blir nytta til å leige inn eksterne konsulentar.

ØVRIGE REKNESKAPSPOSTAR

Prognose for andre rekneskapspostar er ikkje utarbeidd. Det er ikkje rapportert om særskilte områder der det vil bli avvik mellom rekneskap og budsjett. Året er då også relativt ungt pr. mars. Pr. dato er ikkje ein gong alle kostnader og inntekter komne med.

FRIE INNTEKTER

Skatteinntekter

Skatteinntekter blir rapportert som eigen meldingssak til Formannskapet

Rammetilskot

Rammetilskot for mars er ikkje rekneskapsført. Det skal ikkje vere avvik

Kommentar:
Rammetilskotet vil sjåast saman med skatteinntektene slik at dersom skatteinntektene aukar vil det for Hemsedal sitt vedkomande føre til lågare rammetilskot i form av inntektsutjamning.

Eigedomsskatt

Det er sendt ut faktura for fyrste halvår 2018. Inntektene er lågare enn periodisert budsjett. Noko usikkerhet er knytt til taksering av Statnett sine anlegg. Pr. i dag kan det sjå ut som om inntektene er overbudsjettert. Rådmannen vil kome attende med meir nøyaktig informasjon til tertial-rapporten.

PERSONELL

Administrasjonen forsøker å finne meir einsarta måtar å rapportere fråvær. Det er ulikskaper mellom kommunane. Det rapporterte fråværet er pr. februar og det totale fråværet syner ikkje nokon dramatikk. Det er likevel store skilnader mellom avdelingane. Desse blir følgd opp særskilt.

INVESTERINGAR

Generelle kommentarar

Det er ikkje meld om vesentlege avvik når det gjeld investeringar.